Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kjerringøy

Emne: Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: E. Tidemann

Gard: Os, Stranda

(adresse): Kjerringøy

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både A og B.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg er flytta inn til Kjerringöy frå Melöy, Helgeland, så noko vert frå Melöy, noko frå Kjerringöy.

SVAR

1. Vi nemner det „bryne". Det er med brynet vi kvesser ljågen. Når vi brukar brynet på ljågen „kvetta". Vi skal „kvat" men vi har „kvetta". Vi brukar hein til knivar, høveltenger og liknande. Heina er fi=nare, rein blåskifer, brynet er grovare kanskje noko sandblanda.

2. Her vert det bruka berre naturstein. Her i bygda finns ikkje skifer. Brynene får vi anten frå Valnesfjord i Fauske eller frå Beiarn

3. Alle reidskap vert först slipa på ein rund slipestein og sidan fin=pussa med hein eller bryne. Unda=tatt frå denne regelen er barberknivar og finare treskjerarjar. Dei vert kvesst berre på heina.

4. Her i bygda kan ingen minnest at ljågen vart kvesst i smida. Jegta til handelsmannen på Kjerringöy förde slipestein med heim frå Bergen. Og Bergenshandelen kan vi föra meir enn 250 år att i tida

5. Folk som no er 80-90 år kan tala om „sennstein", men ingen kan gjeva noko klårt bilete om han, korleis han var av skap eller korleis han vart bruka. — Her i bygda har det vore lite av utslåtte. Men for 40-50 år sidan vart det slege ute på öjane eller eit pår ~~andre~~ skogslåtte, og då tok dei slipestein med om dei hadde ei som hövde til det. No står slipesteinen allstött heime ved veggen.

6. Ein brukar ljåen så lenge han bit d. v. s. skjer gråset. Det kjem atter mykje av korleis gråset er og korleis lendet er. Eg kan slå heile dagen på eit markstykke med ljåen utan eg trung om å slipa han, medan eg må slipa både 4 og 5 gonger om eg slår på eit anna markstykke

7. Her i bygda vert bruka berre eit brynе til ljåen. Alle brukar berre bryne av stein (grov skifer), annan sort er ukjend

8. No tek visst alle ljåen av orvet når han skal bli slipa. For 30-40 år sidan vart ljåen festa til orvet anten med snöre eller med lerreimer. No vert han festa med jarnring ~~==~~ og kile. Når ljåen vert slipa held ein allstött eggen mot seg.

9. Her i bygda vert bruka berre langorv. Orvet vert sett opp ned, ein tek bryne i högre handa og med vinstre handa held ein ljåen stött og bankar så laus på ljåen med brynet mot


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei 2 ymse sidene av ljå-eggen. Med fingrane på vinstre handa stryker han av og til lint etter eggen. Er eggen blitt ru – snarput – er ljåen kvass, men er eggen jamn – glatt – er han ukvass og må bli kveta endå meir. Her i bygda brukar vi berre langorv.

10) Brynet vert bore i bukselomma som i vår tid er mest ingenting. Dei fleste sleng brynet etter seg på marka.

11) Å bera brynet i horn av eit eller anna slag er ukjend her.

12) Fell burt.

13) Vi fuktar allstött brynet før vi brukar det på ljåen. I dei fleste høve vert det sputta på brynet – det er det snøggaste. Men står vi attmed ei elv eller eit tjørn dreg vi ljåen gjenom vatnet. Då vert vi kvitt sauret på ljåen og får fukt nok til brynet med det same. Det vert aldri bruka olje, tjere eller sams på brynet

14) Det mjölet som vert på brynet under kvetinga nemner vi brynsvorta.

15). Det som der er nemnd er ukjend her. Det same er tilfelle med det som er spurd om i bolkane 16, 17, 18 19 og 20.

Nordlendingane har ord på seg for å vera ovtruene. Noko rett er det i det òg. Men mystikken er helst knyta til båten og havet, liv og daude.

Kjerringøy 20 – 2 – 1947

E. Eidsmann

221
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
221